

# Nytt frå Arbeidstilsynets sjukdom- og skaderegister

Nr 2. 2015



Arbeidstilsynet  
Faktaark

## Campylobacter – kylling

**Campylobacteriose er den vanlegast rapporterte bakterielle diarésjukdommen hos menneskjer her i landet, og Veterinærinstituttet samordnar overvaking av campylobacter i slaktekyllingflokkar. For å unngå smitte er bruk av verneutstyr som hanskar, andedrettsvern og briller, og god hygiene, viktig.**

Zoonosar er sjukdommar som kan overførast mellom dyr og menneske, og forårsakast av ulike typar smittestoff som virus, bakteriar, sopp, parasittar og prion. Overføring av smittestoffer kan skje på ulike vis. Overføring ved direkte kontakt med smittebærande dyr og menneske er mogleg. Smitte kan også skje gjennom avføring frå dyr eller gjennom miljøet rundt. Smitte gjennom maten vi eter er meir vanleg, spesielt gjennom mat som kjem frå dyr (kjøtt, egg og mjølkeprodukt), men også gjennom vatn, frukt og grønsaker som har vorte forureina av smittestoff frå gjødsel eller kloakk. Indirekte smitte kan også skje ved en såkalla vektor – til dømes blodsugarar som flått og mygg.

Campylobacter er ei bakterieslekt kor det er identifisert 18 ulike artar, 11 av desse er kjend for å kunne gje sjukdom hos menneske. Campylobacteriose er ein zoonose og er den vanlegast melde bakterielle diarésjukdommen hos menneske her i landet. Veterinærinstituttet samordnar overvaking av Campylobacter i slaktekyllingflokkar. Førekomsten av Campylobacter i slaktekyllingflokkar i sommarhalvåret har dei siste åra vore om lag 5,5 prosent positive flokkar, mot 6 prosent i 2014. I perioden mai – oktober, medan programmet går føre seg, er det berekna at kjøtt frå 75 prosent av dei smitta flokkane vart hindra i å nå forbrukar i rå tilstand og dermed kunne utgjere ei smittekjelde for menneske. For 2014 reknar ein med at i overkant av 100 Campylobacter-positive flokkar ikkje blei fanga opp av programmet, og slakt frå desse kan dermed ha gått ubehandla ut til forbrukar.

På eit kyllingslakteri kan ein gå ut frå at Campylobacter vil kunne smitte tilsette gjennom sprut frå smitta slakt eller gjennom hand til munn etter å ha tatt på smitta kylling. Naturlig bruk av verneutstyr vil derfor vere hanskar, andedrettsvern og briller. God hygiene må vere ein sjølvfølge.

Andre smittsame sjukdommar frå fjørfe kan til dømes vere Salmonella, Blåvengesjuka (BWD), *Newcastle disease*, fugleinfluensa og ESBL-produserande E.coli.

## Andedrettsvern – biologiske faktorar

Helseskadelege mikroorganismar (bakteriar, virus, sopp) eller komponentar frå mikroorganismar (til dømes endotoksin) kan finnast i luft, anten i støv, røyk eller aerosolar, eller enda finare fordelt som dråpekjerner (dvs. dråper der all væske har tørka inn). For å beskytte seg mot luftbore smitte må ein derfor bruke andedrettsvern. I dei fleste situasjonar vil ein filtrerande halvmaske gje godt vern. Partikkelfilter klasse P2 verjar mot dei fleste muggsoppsporar. Ved risiko for eksponering for luftborne virus og bakteriar, spesielt tuberkulose, skal ein bruka partikkelfilter klasse P3. I spesielt risikofylte situasjonar, ved langvarig arbeid eller viss ein har skjegg, bør ein bruka luftforsynt andedrettsvern.

- Kjelder: Veterinærinstituttets faglige aktivitetsrapport 2014, rapport 6, 2015, Arbeidstilsynet; [www.arbeidstilsynet.no](http://www.arbeidstilsynet.no); åndedrettsvern, Folkehelseinstituttet; Zoonoser

## Ein case – tilsyn ved eit kyllingslakteri

Med utgangspunkt i ei melding om arbeidsrelatert sjukdom, utførte Arbeidstilsynet eit tilsyn ved eit kyllingslakteri mellom anna for å sjå på korleis bedrifta arbeidde med førebygging av sjukdom med årsak i biologiske faktorar (smittestoff). Ved tilsynet kom det fram at slakteriet hadde 1-2 tilfelle av Campylobacter/salmonella i året. Bedrifta fekk derfor pålegg om å innføre tiltak for å fjerne/ minke talet på smittetilfelle.

Med støtte frå bedriftshelsetenesta gjekk bedrifta gjennom rutinane sine. De forbetra rutinane for informasjon om førebygging av smitte, og rutinane for slaktning av kylling. Dei innførte i tillegg ein rutine med oppfølging frå yrkeshygienikar/ leder for å sikre riktig bruk av tilfredsstillande verneutstyr. Bedrifta styrka også rutinane sine for kartlegging av årsaksforhold viss ein arbeidstakar skulle bli smitta.

På denne måten bidrog Arbeidstilsynet til at bedrifta – med hjelp frå bedriftshelsetenesta – forbetra rutinane sine for å førebygge smitte frå helseskadelige stoffer hos sine arbeidstakarar.

## Arbeidsskadedødsfall i fire næringer

Arbeidstilsynet har sett på årsakssamanhengar til 81 arbeidsskadedødsfall innan *industri, bygg og anlegg, transport og lagring, og jordbruk* i perioden 2011-2013. Utløysande og bakanforliggjande årsaker til arbeidsskadedødsfall er analysert ut frå eit såkalla MTO-perspektiv (*menneskeleg, teknologi, organisasjon*). Kunnskap om korleis samspelet mellom menneskelege, tekniske og organisatoriske forhold påverkar tryggleiken er viktig for å kunne førebyggje ulykker. Det er menneskeleg å feile, men enkeltfeil av menneske eller utstyr skal ikkje kunne føre til ei ulykke. Mennesket er feilbarleg, men mennesket har også ei stor evne til å hindra og normalisere farlege situasjonar. Arbeid må leggjast til rette og maskiner og utstyr må ha ei slik tilstand at moglegheitene for farlege situasjonar og alvorlige konsekvensar av ulykker minimerast.

Analysen viser at menneskelege forhold var dei mest dominerande utløysande årsaksforholda til dødsulykkene i alle dei fire næringane, men dei bakanforliggjande årsakene viser eit heilt anna bilete med organisatoriske og tekniske årsaker. Ser vi på underkategoriane av disse årsaksforholda, er manglande risikovurdering/-planlegging og manglande barrierar, forhold som peikte seg ut i fleire næringer. Med barrierar meiner vi tiltak eller funksjonar som bryt utviklinga av ei hendingsgang som kan ende med alvorlig skade eller dødsfall, som til dømes sikringsutstyr ved arbeid i høgda, setebelte, vern på maskiner med meir.


Det er ei rekke tiltak som vil kunne minka risikoen for arbeidsskadedødsfall. Ut frå resultatane i denne analysen vil vi framheve følgjande forhold:

- Større merksemd på barrierar og barrierestyling, som tiltak/styringssystem som sikrar at barrierar finnast og ikkje bli fjerna eller forvittra, men held ved lag si funksjon og er på plass over tid. Dersom dei blir fjerna eller overstyrtd må ein finne ut kvifor. Målkonfliktar mellom tryggleik og økonomisk inntening kan være ei årsak.
- Risikovurderingar er eit viktig bidrag for å identifisere kva slags uønskte hendingar som kan oppstå og finne barrierar/tiltak som er naudsynte for å oppnå akseptabel tryggleik.
- Meir prioritet på «avvikssituasjonar» som vedlikehald, reparasjon, klargjering og liknande arbeidsoperasjonar som blir gjort meir sjeldan, er avgrensa i tid og ofte som blir gjort av personar som til vanleg ikkje jobbar på staden. Det er viktig å risikovurdere arbeidsoperasjonane slik at naudsynte tiltak og barrierar blir identifisert, som til dømes å stanse maskiner/produksjon, kople ut straum, med meir.
- Kjøretøy var innblanda i en stor del av arbeidsskadedødsfalla i alle de fire næringane. I både bygg og anlegg, transport og lagring, og jordbruk var kjøretøy involvert i 50-60 prosent av arbeidsskadedødsfalla.

Analysen av årsaksforhold er basert på informasjon om døds-ulykkene i Arbeidstilsynets register over arbeidsskadedødsfall og rapporter frå tilsyn gjennomført etter ulykkene. Det er stor variasjon i kor mykje informasjon ein har om kvar ulykke og kva slags årsaksforhold som er skildra. Bruk av skjønn har derfor vært naudsynt for å klassifisere årsakstypar i fleire av ulykkene.

- Resultata er tidlegare presentert i Kompass Tema nr.3 2015 *Arbeidsskadedødsfall i Norge. Utviklingstrekk 2009-2014 og analyse av årsakssammenhenger i fire næringer* og rapporten finst på [www.arbeidstilsynet.no](http://www.arbeidstilsynet.no)

Utløysende og bakanforliggjande årsaker  
Industri 2011-2013



\* Figuren viser utløysande og bakanforliggjande årsaker til arbeidsskadedødsfall i industrien i perioden 2011-2013. Desse er rekna som prosentdel av arbeidsskadedødsfalla i industrien. Summen blir større enn 100 prosent da eit arbeidsskadedødsfall kan ha fleire årsaker. (N= 13 arbeidsskadedødsfall)

### Bakgrunn for registeret om arbeidsrelatert sjukdom

Registrering av arbeidsrelaterte sjukdomar vart starta av Arbeidstilsynet alt i 1920-åra. Sidan 1977 har *Registeret for arbeidsrelaterte sjukdomar (RAS)* vore heimla i arbeidsmiljølova. § 5-3 seier at «enhver lege som igjennom sitt arbeid får kunnskap om en arbeidstaker som lider av yrkessykdom som er likestilt med yrkesskade etter folketrygdens § 13-4, eller annen sykdom som legen antar skyldes arbeidstakerens arbeidssituasjon, skal gi skriftlig melding om dette til Arbeidstilsynet». Legane melder tilfella på Arbeidstilsynets skjema 154 b/c.

### Bakgrunn for registrering av arbeidsskader og arbeidsskadedødsfall

Arbeidsgivar har etter arbeidsmiljølova § 5-2 plikt til å varsle Arbeidstilsynet og nærmaste politimyndigheit når det skjer ei alvorleg ulukke. Dette gjeld arbeidsskadedødsfall og ulykker som har ført til alvorleg skade. Varslinga skal skje så snart som mogeleg etter at ulukka har skjedd, slik at Arbeidstilsynet og politimyndigheita skal kunne undersøke forholda rundt hendinga. Med «alvorleg skade» meiner ein alle skader, fysisk eller psykisk, som fører til varig eller lengre tids arbeidsuføre. Arbeidstilsynet har sidan 1. 1.2011 hatt eit eige register kor varsling og informasjon frå tilsyn og kartlegging blir registrert.